



Alexander Helle
Fureskjeggvegen 71
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1999 - 18/22923

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
30.10.2018

Godkjenning av søknad om utsett arbeidsfrist SMIL-prosjekt inngjerding av beite Gbnr. 37/1 Ådland

Administrativt vedtak. Saknr: 293/2018

Saksutgreiing:

Alexander Helle søker i e-post dagsett 15.10.2018 om utsett arbeidsfrist for å gjere ferdig SMIL-tiltak. Tiltaket gjeld inngjerding av beite på Gbnr. 37/1 på Ådland i administrativt vedtak saknr.260/ 2015. Arbeidsfristen gjekk ut 01.10. 2018. Fylkesmannens in ref. 15 / 011538.

Vurdering:

Prosjektet har kome godt i gang, det er gjort mykje arbeid i prosjektet. Søklar opplyser at gjerde trase er rydda og at om lag halve gjerde er satt opp. Gjerde traseen går i vanskeleg og ulendt terreng, som gjer at alt materiell og utstyr må bærast inn. Vidare opplyser søklar at han fekk ein skade/sjukdom som gjorde at han vart sjukmeldt i ein lengre periode. Søklar opplyser at dersom det vert kaldt og frost i bakken kan det gjere arbeidet med transport av materiell inn lettare. Dersom alt går som planlagt kan gjerde stå ferdig hausten 2019. Dette har medført at gjerdinga har tatt lengre tid enn planlagt. Det er høve til å forlenga fristen med to år.

Kommunen vurderer at grunnane som ligg bak at arbeidet ikkje blir avslutta innan fristen, må akseptereast. Gjerding i ulendt og vanskeleg terreng er krevjande, og då materiell og utstyr må bæreast frem tek det lenger tid enn om det kunne køyrast fram. Vidare har skade/sjukdom gjort at arbeidet ikkje har hatt framdrift. Administrasjonen meiner det arbeidet er godt i gang og at det er lagt ned mykje godt arbeid i prosjektet. Det er difor viktig at prosjektet vert slutført og tiltaket ferdigstilt. Kommunen vil difor godkjenne søknad om arbeidsfrist for ferdigstilling.

Vedtak

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

«Meland kommune gjev med dette Alexander Helle utvida frist til 01.10.2020 med å gjennomføra siste del av tiltaket som det vart løyvd midlar til i delegert vedtak saknr. 260/2015. Det er ingen endring i villkåra som gjeld for gjennomføring og ferdigstilling. Kommunen syner i denne samanheng til vedtaket som vart fatta i delegert vedtak saknr. 260/2015.

Vedtaket har heimel i forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket § 5. »

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldane delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtaket er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

Mottakere:

Alexander Helle

Fureskjeggvegen 5919
71

FREKHAUG